

# PROTOKOLL FOR ÅRSMØTE 2010

FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSORGANISASJONEN I NOREG

---

**TID:** 20. november kl. 13.00 – 17:00 / 21. november kl. 10.00 – 14.00

**STAD:** Grand Terminus Hotell, Zander Kaaes gate 6, 5015 Bergen

## Merknader til innkalling og sakliste

Frå styret:

- I sak 3 årsmelding 2009 for NFD og Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen.  
legg styret fram følgjande vedtak:  
*Årsmelding 2009 for NFD og Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen vert godkjend.*
- I sak 4 *Rekneskap for LfS og NFD* legg styret fram følgjande vedtak:  
*Rekneskap 2009 for LfS og NFD vert godkjend.*
- Styret trekker sak 10: *Endring av vedtekter for Norsk folkemusikkfond*

## Sak 1 Val av møteleiar og protokollfører

### Vedtak:

Møteleiarar:

*Arne Sølvsberg og Brit Karin Sørland*

Protokollførerar:

*Eivind Kaasin og Linda Dyrnes*

I tillegg vart det gjort følgjande val:

Personar til å underskrive protokoll:

*Per Åsmund Omholt, Ingunn Stræte Lie*

Tellekorps:

*Øyvind Lind Johansen, Minna Wetlesen, Tellef Kvifte, Tora Rua Dokken*

## Sak 2 Namneoppøp

Dag 1

*Oppøpet viste 87 representantar med røysterett*

- *70 representantar frå medlemslaga*
- *10 utøvarrepresentantar*
- *7 representantar frå styret*

Dag 2

*Oppøpet ved møtestart viste 71 representantar med røysterett*

### **Sak 3 Årsmelding 2009 for NFD og Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen.**

Åshild Vetrhus la fram årsmelding 2009 for NFD.

Maria Høgetveit Berg la fram årsmelding 2009 for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen.

Styreleiar Maria Høgetveit Berg og dagleg leiar Linda Dyrnes orienterte årsmøtet om aktiviteten i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen.

#### Vedtak:

*Årsmelding 2009 for NFD er godkjend med følgjande endringar (samrøystes):*

#### *2.1 Nøkkeltal 2009*

*Du / MiC vert endra til UD / MiC*

#### *3.4 utøvarorganisasjon*

- a) Árinn skal vere pkt. b)*
- a) Forum for utøvarar skal vere pkt. c)*

#### *3.6 Norsk Folkemusikkformidling*

*b) Norwegian Tapas vert endra til c) Norwegian Tapas.*

*Dei følgjande punkta får ny nummerering.*

#### Vedtak:

*Årsmelding for Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen 2009 Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen er godkjend. (samrøystes)*

### **Sak 4 Rekneskap 2009 for LfS og NFD**

*Nils Øyvind Bergset la fram rekneskapen 2009 for LfS*

*Åshild Vetrhus la fram rekneskapen 2009 for NFD*

#### Vedtak:

*Rekneskap 2009 for LfS og NFD er godkjend. (samrøystes)*

### **Sak 5 Vedtekter**

*Nils Øyvind Bergset la fram styret sitt framlegg til vedtekter.*

#### Namn (§ 1)

*Framlegg frå Johan Vaa:*

*Saka om namn vert utsett*

*Framlegget vart nedstemt med 25 mot 62 stemmer .*

Framlegg frå Eilev Groven Myhren om nytt namn:  
"Norsk Folkemusikk- og folkedanslag"

Framlegget vart nedstemt med 7 mot 80 stemmer.

Styret sitt framlegg

Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg endrar namn til:  
FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans.  
Endringane skjer i paragraf 1 og 2.

Framlegget vart vedteke med 76 stemmer.  
Det vart registrert 10 blanke stemmer.

#### § 2 - Føremålsparagrafen

Framlegg frå Ivar Schjølberg om endring i føremålsparagrafen.  
FolkOrg har som føremål å arbeide for tradisjonane innan norsk folkemusikk,  
folkedans, song og kveding.

Framlegget fekk 34 stemmer, og dermed fall det.

Styret sitt framlegg om eit tillegg i føremålsparagrafen:

Føremålet vert utvida med følgjande setning:

Organisasjonen skal først og fremst vidareføre folkemusikk- og dansetradisjonane som finst i dei ulike distrikta og fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

Framlegget vart nedstemt med 30 mot 41 stemmer .

Paragrafen vert ståande uendra.

#### Endre nemninga "særslag" til "faglag" (§ 3 – medlemskap)

Styret sitt framlegg:

Nemninga "særslag" i vedtektene endrast til "faglag". Endringa skjer i § 3, 6 og 11.

Framlegget vart vedteke mot 7 stemmer .

#### Særslag (faglag) (§ 3 – Medlemskap)

Styret sitt framlegg til endring av § 3 andre avsnitt:

Alle medlemmer i lokale lag som er tilslutta organisasjonen, er medlemmer i organisasjonen.  
Faglag kan ha medlemmer som ikkje er medlemmer i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen, men dei får ikkje rekne utsendingar til årsmøtet for fleire enn dei som er medlemmer.

Framlegget vart vedteke mot 15 stemmer .

### Utsendingar til årsmøtet (§ 6)

Styret sitt framlegg til endringar i bokstav A) § 6:

- A) Utsendingar frå kvart lokallag eller særslag som er tekne opp som medlemmer innan 1. august same år etter følgjande skala:
- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending
  - b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar
  - c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar
  - d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar
  - e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar
  - f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar

Framlegget vart vedteke (samrøystes)

### Nytt tidspunkt for årsmøtet (§ 5 Årsmøte)

Framlegg frå styret:

Følgjande endring vert gjort i § 5:

Årsmøtet er høgste organ i organisasjonen og skal haldast kvart år innan utgangen av april månad.

Styret fastset tid og stad for årsmøtet og informerer medlemmene om dette seinast seks månader før årsmøtet finn stad. Innkalling og sakspapir skal sendast ut minst tre veker før årsmøtet. Medlemmer eller lag som har saker dei vil ha fremja på årsmøtet, må sende desse til styret innan 15. januar.

Følgjande strykingar og tillegg vert gjort i § 6 punkt A):

Utsendingar frå kvart lokallag eller særslag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

Framlegget vart vedteke (samrøystes)

### Styret sin stemmerett på årsmøtet (§ 6)

Framlegg frå Hilde Kristin Bonde

”Pkt. D i § 6 slettes, dvs at styret og varamedlemmer ikke har stemmerett på årsmøtet.”

Framlegget falt

Framlegg frå styret i § 6 punkt D):

D) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet.

Framlegget vart vedteke samrøystes

Framlegg frå Knut Olav Aasegg og Frode Rolandsgard om eit tillegg i § 6 punkt D  
"Styret har ikkje stemmerett vedr. årsmelding, rekneskap og val av revisor."

*Framlegget vart vedteke med overveldande fleirtal.*

#### Tilsynsnemnd – ny paragraf § 7

Framlegg frå Oddleif Hjellum  
"Paragrafen vert ikkje innført."

*Framlegget falt*

*Framlegg frå styret om ny paragraf:*

#### *§ 7 Tilsynsnemnd*

*Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på 3 personar som har som hovudoppgåve å sjå til at arbeidet i styret er i samsvar med dei vedtektene som ei kvar tid gjeld. Tilsynsnemnda skal rapportere avvik til styret undervegs i perioden, og til årsmøtet.*

*Ny setning i § 8 før siste avsnitt:*

*Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynsnemnda.*

*Dei andre paragrafane endrar nummer. Tidlegare § 7 vert ny § 8, tidlegare § 8 vert ny § 9, tidlegare § 9 vert ny § 10, tidlegare § 10 vert ny § 11, tidlegare § 11 vert ny § 12, tidlegare § 12 vert ny § 13, tidlegare § 13 vert ny § 14, tidlegare § 14 vert ny § 15 og tidlegare § 15 vert ny § 16.*

*Framlegget vart vedteke mot 3 stemmer.*

#### Om valnemnda sine retningsliner - § 8

Framlegg frå Ivar Schjølborg om utsetjing av saka:  
Paragraf § 8 blir utgreidd meir

*Framlegget vart vedteke samrøystes.*

#### Kassakreditt (§ 10 Om styret)

Framlegg frå styret:

*Følgjande setning vert lagt til i slutten av § 10 Om styret:  
Styret eller den dei delegerer fullmakta til, kan ta opp lån på vegne av organisasjonen.*

*Framlegget vart vedteke mot 1 stemme.*

Dei tilsette sin representasjon - (§ 10 Om styret)

Styret sitt framlegg til vedtak:

*Følgjande setning vert teke inn til slutt i § 10:*

*Dei tilsette har rett til å ha ein representant, i tillegg til dagleg leiar, med talerett til stades i styremøte.*

*Framlegget vert vedteke samrøystes.*

Heiderspris vert til heidersmedlemskap (§ 13)

Framlegg frå Ivar Schjølberg og styret:

*§ 13 Heidersmedlemskap*

*Styret kan utnemne til heidersmedlem den som har arbeidd særleg godt og lenge for føremålet. Heidersmedlemer skal ha synleg prov på æra og gå fritt på alle arrangement som FolkOrg skipar til.*

*Framlegget vart vedteke samrøystes*

Områdelag (§ 4)

Framlegg frå styret om endring i § 4:

*§ Setninga "Alle lag tilslutta eit områdelag som er innmeldt i organisasjonen, skal vera tilslutta organisasjonen." vert strøken.*

*Framlegget vart vedteke samrøystes*

**Sak 6 Arbeidsprogram 2011**

*Solbjørg Tveiten og Tor Stallvik la fram styret sitt framlegget til arbeidsprogram 2011.*

Framlegg til vedtak:

*Årsmøtet vedtok arbeidsprogrammet slik det ligg føre. Med følgjande endringar:*

- Å gje ut bladet Folkemusikk (fast oppgåve)

Framlegg frå Ivar Schjølberg

*"Styret blir oppmoda om å gå gjennom profilen og funksjonen til bladet Folkemusikk med sikte på endringar"*

*Framlegget vart vedteke med 36 for og 28 mot*

Framlegg frå Ivar Schjølberg om endring i siste setningsledd, i nest siste kulepunkt under Utøvar og arena:

*"blant anna ved fruktbart samarbeid mellom FolkOrg og lokale arrangørar"*

*Framlegget vart vedteke samrøystes*

Framlegg frå Per Åsmund Omholt om tillegg i faste oppgåver under utøvar og arena:

*"Å arbeide for et nettverk av lokale scener for formidling av folkemusikk og folkedans."*

*Framlegget vart vedteke med stort fleirtal.*

#### **Sak 7 Fastsetjing av medlemspengar for 2011**

Maria Høgetveit Berg la fram styret sitt framlegg til medlemspengar for 2011.

Framlegg frå styret:

*Medlemskontingent for vaksne: kr 220,-*

*Medlemskontingent for born/ungdom (t.o.m det året ein fyller 18 år): kr 100,-*

*Lagskontingenten vert fjerna.*

*Framlegg frå Jan Marstein*

*Medlemskontingenten for 2011, blir som den er i 2010.*

*Framlegget frå styret vart vedteke med 51 mot 22 stemmer.*

#### **Sak 8 Budsjett 2011**

Maria Høgetveit Berg la fram styret sitt framlegg til budsjett 2011.

Framlegg frå styret:

*Årsmøtet vedtek budsjettet slik det ligg føre, og gjev styret fullmakt til å justere budsjettet undervegs dersom det er naudsynt.*

*Framlegget vart vedteke samrøystes.*

#### **Sak 9 Oppnemning av revisor**

Framlegg frå styret

*BDO Noraudit blir oppnemnd som revisor for Folkemusikk- og Folkedansorganisasjonen i Noreg i 2011.*

*Framlegget vart vedteke samrøystes.*

#### **Sak 10 Endring av vedtekter for Norsk folkemusikkfond**

*Saka er utsett til neste årsmøte.*

## Sak 11 Val

Valnemda 2010 var Terje Foshaug, Trond Ole Haug og Synnøve S. Bjørset.

Terje Foshaug presenterte valnemda si innstilling.

Styrelciar	Maria Høgetveit Berg	attval	vald for 1 år
Nestleiar	Nils Øyvind Bergset	attval	vald for 1 år
Nestleiar	Solbjørg Tveiten	attval/nytt verv	vald for 1 år
Styremedlem	Åshild Vetrhus	attval/nytt verv	vald for 2 år
Styremedlem	Sigurd Johan Heide	attval	vald for 2 år
Styremedlem	Aslak O Brimi	ikkje på val	
Styremedlem	Tor Stallvik	ikkje på val	
1. varamedlem	Torunn Raftevoid Rue	attval	vald for 1 år
2. varamedlem	Helene Myklemyr Bolstad	ny	vald for 1 år
3. varamedlem	Dag Hovda Sture	attval	vald for 1 år

Alle vald ved akklamasjon.

### Val av nytt medlem i valnemda:

Framlegg frå styret til ny valnemd:

Randi Skeie	vald for 3 år
Terje Foshaug	ikkje på val (1 år igjen)
Synnøve S Bjørset	ikkje på val (2 år igjen)

Vald ved akklamasjon

### Tilsynsnemd:

Framlegg til nytt medlem i tilsynsnemda frå Agnes Buen Garnås.


Audhild Rygg

Vald ved akklamasjon.

Tilsynsnemda er då slik:

Audhild Rygg, Jan Lislien og Bjørn Lien

  
Per Åsmund Omholt

  
Ingunn Stræte Lie